



Arkivnr: 2014/204-15

Saksbehandlar: Jomar Ragnhildstveit

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2014

**Tilskot til viltformål 2014**

**Samandrag**

Under forvaltinga av haustbare, ikkje truga viltartar, fordeler fylkeskommunen årleg tilskotsmidlar til lokale vilttiltak frå det statlege viltfondet. Målet for tilskotsordninga er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskot av viltet, og at produktivitet og mangfaldet av arter i naturen blir teke vare på nasjonalt og regionalt. Målgruppa for ordninga er lag og organisasjonar, og i visse tilfelle institusjonar, kommunar og enkeltpersonar. Søknadsfristen var 15. januar.

Det kom i alt 14 søknader, derav 5 søknader om tilskot til *lokale vilttak - hjort* og 9 søknader om tilskot til andre *lokale vilttiltak*. Samla omsøkt tilskot til fylkeskommunen er på kr 738 000. Løyvinga til fylkeskommunen i år er på kr 500 000, der kr 100 000 er øyremerka frå Miljødirektoratet. I tillegg er det overførte midlar frå bunde viltfond frå i fjar, slik at samla midlar til disposisjon er på ca kr 650 000. Det vert føreslått å fordele kr 605 000 i år.

Det er føreslått størst tilskot på kr 300 000 til prosjektet 'Forvalting av hjortebestand 2014'. Prosjektet er starten på ei større satsing for å organisere hjorteforvaltinga i større bestandsplanområde.

## Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet fordeler følgjande tilskot til lokale vilttiltak for 2014. For søknad nr 13 (Hønsefuglportalen) får fylkesrådmannen fullmakt til å fastsetje storleiken på eventuelt tilskot inntil kr 50 000.

Nr	Søkjar	Tiltak	Tilskot kr
<b>Lokale vilttilak - hjort</b>			
1	Norsk Hjortesenter	Hjort 2014	75 000
2	Norsk Hjortesenter	Nettbasert hjorteforvaltingsverktøy	50 000
3	Sogn og Fjordane Skogeigarlag/ Vestskog	Forvalting av hjortebestand 2014	300 000
4	Ettersøksringen for Os, Samnanger og Bergen	Ettersøk av skada hjortevilt	15 000
5	NJFF-Hordaland	Fagdag ettersøk av skada hjortevilt	0
<b>Lokale vilttiltak</b>			
6	NJFF-Hordaland	Infoblad jakt og fiske - Infoside internett	30 000
7	NJFF-Hordaland	Dagsseminar små rovvilt	20 000
8	NJFF-Hordaland	Kvinneaktivitetar i 2014	5 000
9	Sogn og Fjordane Skogeigarlag	Småviltforvalting i Hordaland	0
10	Raymond Skaar	Uttak av mink i fuglefredningsområder	25 000
11	CEES, Institutt for biovitenskap	Urbane måker	25 000
12	Høgskolen i Hedmark	Overvakning av skoghønsreir 2014	10 000
13	Norsk Institutt for Naturforskning	Hønsefuglportalen	Inntil 50 000
14	Norsk Viltsykehus	Norsk Viltsykehus	0
<b>Sum vilttiltak</b>			<b>605 000</b>

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 28.04.2014

### 1. Bakgrunn

For å stimulere til brei medverknad om å løyse miljøutfordringar gir Klima- og miljødepartementet årleg ymse former for stønad og tilskot til tiltak som blir sett i verk av kommunar, organisasjonar, private verksemder og privatpersonar. Rundskriv T-1/13 *Tilskotsordningar for 2014* omtalar kva for retningsliner, søknadsfristar, kriterium o.a. som gjeld for den enkelte tilskotsordninga.

For tilskotsposten på statsbudsjettet kap. 1425 post 71.1 *Tilskot til viltformål, lokale vilttiltak m.v.* skal søknader som gjeld haustbare viltarter, unnateke villrein, grågås og kortnebbgås, adresserast til fylkeskommunen i det fylket der tiltaket skal gjennomførast. Tilskotsmidlane har opphav i innbetalte jeger- og fellingsavgifter til det statlege viltfondet. Tilskotsmidlane skal forvaltast i tråd med det statlege økonomiregelverket. Det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet skal nyttas for alle søknader under posten. Søknadsfristen var 15. januar. Tilsvarande sak i 2013 vart handsama av Kultur- og ressursutvalet på møtet 14. mai, sak 56/13.

### 2. Søknader

Det har i alt kome 5 søknader om tilskot til *Hjortevilttiltak* og 9 søknader om tilskot til *Lokale vilttiltak*.

Oversikt over søknadene er vist i tabell 1, med forslag til tilskot i kolonna lengst til høgre, samt kolonner som viser total kostnad (kr) for tiltaket og omsøkte midlar til Hordaland fylkeskommune. Det er omtale og vurdering av den enkelte søknad i saksframlegget.

Tabell 1: Oversikt over søknader om tilskot til vilttiltak i 2014. Beløp er i kroner.

Nr	Søkjar	Tiltaket gjeld	Total kostnad	Søkt hfk	Tilskot forslag
<b>Lokale vilttiltak - Hjort</b>					
1	Norsk Hjortesenter	Hjort 2014	700 000	75 000	75 000
2	Norsk Hjortesenter	Nettbasert hjorteforvaltningsverktøy	450 000	50 000	50 000
3	Sogn og Fjordane Skogeigarlag/Vestskog	Forvaltning av hjortebestand 2014	3 900 000	300 000	300 000
4	Ettersøksringen for Os, Samnanger og Bergen	Ettersøk av skada hjortevilt	95 000	15 000	15 000
5	NJFF-Hordaland	Fagdag ettersøk av skada hjortevilt	90 000	45 000	0
<b>Lokale vilttiltak</b>					
6	NJFF-Hordaland	Infoblad jakt og fiske - Infoside internett	100 000	30 000	30 000
7	NJFF-Hordaland	Dagsseminar små rovvilt	70 000	20 000	20 000
8	NJFF-Hordaland	Kvinneaktivitetar i 2014	30 000	5 000	5 000
9	Sogn og Fjordane Skogeigarlag	Småviltforvaltning i Hordaland	50 000	50 000	0
10	Raymond Skaar	Uttak av mink i fuglefredningsområder	25 000	25 000	25 000
11	CEES, Institutt for biovitenskap	Urbane måker	65 300	25 000	25 000
12	Høgskolen i Hedmark	Overvakning av skoghønsreir 2014	250 000	10 000	10 000
13	Norsk Institutt for Naturforskning	Hønsefuglportalen	770 000	50 000	50 000
14	Norsk Viltsykehus	Norsk Viltsykehus	350 000	28 000	0
Sum hjortevilttiltak (kr)			5 235 000	485 000	440 000
Sum lokale vilttiltak (kr)			1 710 300	253 000	165 000
<b>Sum hjortevilttiltak og lokale vilttiltak (kr)</b>			<b>6 945 300</b>	<b>738 000</b>	<b>605 000</b>

### 3. Tilskotsmidlar i 2014

Miljødirektoratet har i brev datert 12.3.14 løyvd kr 500.000 til Hordaland fylkeskommune, (sjå eiga melding på møtet). Løyvinga i år omfattar ein øyremerka auke på kr 100.000 til prosjektet 'Forvaltning av hjortebestand 2014', som er søknad nr 3. I brevet er det forventa at desse midlane kjem i tillegg det som fylkeskommunen elles legg inn av ressursar i prosjektet.

Ubrukte tilskotsmidlar kan overførast, jf. *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond m.m.* Medrekna overførte midlar frå prosjekt som av ulike årsaker ikkje er gjennomført, eller gjennomført med redusert omfang, er det i 2014 til disposisjon kr 651.900.

### 4. Mål for tilskotsordninga og for viltforvaltinga

Ifølgje nemnde rundskriv T-1/13, er målet for tilskotsordninga til viltformål (Kap. 1425 post 71) å medverke til at det blir eit hauatingsverdig overskot av viltet, og at naturens produktivitet og mangfold av artar blir teke vare på nasjonalt og regionalt. Målgruppe for ordninga er lag og organisasjonar, og i visse tilfelle kommunar og enkeltpersonar.

Ifølgje rundskriv T-1/13 kan følgjande tiltak få tilskot:

- Tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og jaktmogleigheter.
- Kartlegging av viltressursane/viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunar og regionar.
- Innarbeidning av viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova.
- Iverksetjing av tiltak der føremålet er betre bestandsoversyn.
- Opprettning og drift av lokale samarbeidsråd.
- Deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid.
- Andre særleg prioriterte viltføremål.

Søknader som er forankra som del av ein plan vil bli prioriterte.

Det er nærmere omtale av mål for viltforvaltinga og tilskotsordningane i statsbudsjettet, Prop 1 S (2013-2014). Under resultatområde 12.50 (Mangfoldige skogar), er det nasjonalt mål (nr. 4.5) om at '*Alle haustbare bestandar av planter og dyr i skog skal vere forvalta økosystembasert og vere hausta berekraftig innan 2020*'. Tilhøyrande indikator er *-bestandsstatus*.

I statsbudsjettet (Prop 1 S) står det følgjande under overskrifta 'Hjorteviltforvaltning':

Bestandane av hjort og elg har hatt stor vekst dei siste åra. Økosystembasert og berekraftig hjorteviltforvaltning føreset god kunnskap om skogøkosistema og god kompetanse hos jegerane og i dei ulike forvaltningsorgana. Midlar frå viltfondet gir grunnlag for å fremje viltforvaltninga, styrke kunnskapen om viltet, organisere jakt og ettersøk i kommunen og gjennomføre tiltak for å førebyggje skadar på landbruksnæring frå hjortevilt. [...] Ei vidare utvikling av Hjorteviltportalen har som mål at alle aktørar frå jeger til forvaltning skal ha god tilgang til relevante data, oppdatert kunnskap basert på forsking og gode høve til utveksling av kunnskap.

Det er omtale av mål og kriterium for måloppnåing i Prop 1 S under utgiftskapittelet 1425 *Vilt- og innlandsfisk*, og nærmere omtale der under kap. 1425 post 71 *Tilskot til viltformål, kan overførast*. Spesielt står det følgjande:

#### *Hjortevilttiltak* (post 71.1):

Underposten skal dekkje tiltak knytte til forvaltning av hjortevilt. Midlar blir nytta i hjorteviltforvaltninga til tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar m.m.

### *Lokale vilttiltak m.v. (post 71.3):*

Midlane skal nyttast til tilskot i form av vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattende organisasjoner, og lokale vilttiltak og utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta. I tillegg er tilskotsmidlane som fylkeskommunane nyttar samla på denne underposten. I samband med regionreforma har fylkeskommunane fått forvaltningsansvaret frå fylkesmannen for enkelte arter. Den einskilde fylkeskommunen gir etter søknad midlar frå posten til praktiske tiltak knytte til desse artene. Ettersom fylkesmannen på same tid forvaltar tilskotsmidlar innanfor sitt forvaltningsområde er det krav om god samordning av bruken av midlane. Midlane skal òg nyttast til sentrale organisasjoner som utfører oppgåver for viltforvaltninga. Fleire av dei store landsdekkjande organisasjonane utfører eit omfattande frivillig arbeid innan viltforvaltning.

Fylkeskommunane har også motteke forventningsbrev på saksområdet for 2014 frå dåverande Miljøverndepartementet, datert 19.2.2013. Der er det lista opp prioriterte oppgåver i forvaltinga av haustbare, ikkje truga viltarter, blant anna bidra til å følgje opp mål og aktivitetar frå DN-rapport 8-2009: *Strategi for forvaltning av hjortevilt*, herunder stimulere til bruk av Hjorteviltportalen ([www.hjortevilt.no](http://www.hjortevilt.no)) og sørge for at kommunane registrerer fallvilt i hjorteviltregisteret. I tidlegare forventningsbrev (for 2010) har det blant anna stått at fylkeskommunen har ansvar for datainnsamling og etablering av beslutningsgrunnlag for dei haustbare, ikkje truga viltartane, herunder funksjonsområde (yngleområde, trekkvegar og liknande). Fylkeskommunen kan sjølv initiere viltkartlegging i kommunane og/eller støtte kommunane sine eigeninitierte kartleggingar. Det er spesielt følgjande artar eller artsgrupper som har blitt kartlagt i tradisjonell viltkartlegging: Elg, hjort rådyr, andefuglar, gås, hønsefugl, vade- og måsefulgar og bever.

### *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*

Hordaland er eit stort hjortefylke, og i hjorteforvaltinga lokalt-regionalt er det mange oppgåver og utfordringar. I forskrift om forvalting av hjortevilt, frå 15.02.12, fekk kommunane ei større rolle i forvaltinga av hjortevilt, og forvaltinga skulle bli meir planmessig. Oppgåvene til fylkeskommunen, kommunane og rettshavarane er nærmere omtala i direktoratet sitt rundskriv til forskriftera (februar 2012):

- *Fylkeskommunen* har hovudansvaret på regionalt nivå for forvaltinga av elg, hjort og rådyr, primært i rolla som tilretteleggjar og koordinator. Fylkeskommunen har ei viktig rolle med å byggje opp den faglege kompetansen på lokalnivået, både hos kommunane og hos jaktrettshavarane.
- *Kommunane* sitt myndighetsansvar inneber at det må utøvast fagleg skjøn i mange saker. Det krevst fagkunnskap og lokalkunnskap for å utøve eit godt skjøn i viltforvaltinga innanfor dei nasjonale rammene. Kommunane har eit stort ansvar for offentlege interesser knytt til hjortevilt, blant anna opplevingsverdiar, biologisk mangfald, trafikkproblem og andre skadar/ulemper. Kunnskap og vilje er avgjerdande for å lukkast i den lokale forvaltinga.
- *Jaktrettshavarane* har ansvaret for organisering og tilrettelegging av jaktutøvinga. Dei har òg eit betydeleg ansvar for bestandsplanlegginga gjennom årleg avskytingsplan samt andre forvaltingstiltak i valdet, og ikkje minst ei samkjøring og koordinering med tilgrensande vald.

### *Naturmangfaldlova*

Det er eit overordna prinsipp i dagens viltforvaltning at den skal vere kunnskapsbasert, jf. blant anna Naturmangfaldlova § 8 (Naturgrunnlaget): «Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. ...»

## **5. Hjorteforvalting - Status og utfordringar i Hordaland**

Hjortebestanden i fylket har omrent firedobla seg dei siste 20 åra fram til ca 2007-2010. Deretter har veksten flata ut og gått noko tilbake i enkelte område. Dette er stort sett i samsvar med kommunale målsetjingar. Hjortebestanden vert i hovudsak regulert gjennom jakt. Det vert viktig å sikre at hjort ikkje har så store bestandar at det forårsakar uakseptable skadar og ulemper for andre samfunnsinteresser.

Framover vil det difor vere behov for ei meir kunnskapsbasert og presis hjorteforvalting for å ha betre styring med bestandsutviklinga. Bestandsforvalting og bruk av bestandsplan skal vere hovudregelen ved

forvalting av hjort og elg framover. Det vert føresett rettshavabasert bestandsforvalting av hjort, som krev godt grunneigarsamarbeid i relativt store bestandsplanområde, dei fleste stader vesentleg større enn dagens vold og storvold.

Så langt (2010-2013) har fylkeskommunen gitt mest tilskotmidlar til hjorteviltiltak, noko som også vil vere naturleg vidare. Det er Hordahjortprosjektet (2009-2013) som har fått desidert mest tilskot frå fylkeskommunen. Prosjektet har vore eit stort spleislag med kommunane. Prosjektet vart ferdig og avslutta med sluttkonferanse i desember 2013. Etter Hordahjortprosjektet er det eit godt kunnskapsgrunnlag for inndeling i bestandsplanområde, og i prosjektet vart det føreslått ei inndeling i bestandsplanområde. Ei naturleg oppfølging no vil vere prosjekt for å etablere reell bestandsforvalting av hjort, ikkje minst etter at det i den nye forskrift om forvaltning av hjortevilt (2012) er gjort tilpassingar for lettare å kunne etablere bestandsplanområde.

## **6. Samordna søknadshandsaming**

Som føresett er det gjort samordna søknadshandsaming for søknader som fell inn under fleire av tilskotsordningane. Dette gjennom møte mellom sakshandsamarar i fylkeskommunen (vilt- og friluftsmidlar) og fylkesmannen (vilt- og fiskemidlar). For søknad nr. 6, 8, 10 og 11 er det føreslåtte viltilskotet frå fylkeskommunen gjort etter slik samordna søknadshandsaming. For dei fire søknadane er beløpa i kolonna 'Søkt hfk' justert slik at dei berre viser det beløpet som er søkt dekka av fylkeskommunen sine viltmidlar etter at det er gjort fordeling av søknadsbeløpet på dei forskjellige tilskotsordningane. Av tilskotsordningane er det berre viltilskot frå fylkeskommunen som vert fordelt politisk.

## **7. Omtale og vurdering av søknadane**

Det følgjer omtale og vurdering av den enkelte søknad, i same rekkefølge (1-14) som dei har i tabell 1.

### **Lokale vilstiltak - Hjort**

#### **(1) Norsk Hjortesenter: Hjort 2014**

Hjortesenteret har søkt om tilskot til å arrangere seminaret 'Hjort 2014'. Seminaret skal arrangerast i Bergen 27.-28. august. Med ei slik sentral lokalisering håpar Hjortesenteret å få flest mogeleg deltagarar.

Senteret har sidan 1999 arrangert nasjonale og regionale seminar som møtestad for aktørar i hjorteforvaltinga der lokal og regional forvalting kan få påfyll av fagstoff som gjer dei best mogeleg skikka til å innrette arbeidet lokalt på ein god måte. Hjort 2014 vil vere avhengig av støtte og faste samarbeidspartnerar for å vere økonomisk berekraftig. Dersom deltaravgifta skal bare eit slikt seminar åleine, vil denne skyte i vêret og hindre mange potensielle deltagarar frå å delta.

Hjortesenteret har dei siste åra hatt dialogmøter der fylkeskommunane på Vestlandet har vore invitert for å få innspel om fagleg innhald på seminara og korleis ein kan sikre best mogeleg deltaking. Tema for årets seminar er 'Arealbrukskonfliktar' og 'Hjorten som ressurs'. Dette er hovudtema som illustrerer motsetnadane som hjorteforvaltinga har å stri med. Det er viktig å kaste lys over desse problemstillingane som vedkjem kvardagen til både offentlege og private forvaltarar av hjortressursen.

Under temaet 'Arealbrukskonfliktar' vert det presentert nye studiar om hjortepåkøyrlar, praktisk retta oversikt over tiltak mot ulike former for arealbrukskonfliktar, og behovet for god arealplanlegging som er tilpassa hjorten sin bruk av landskapet. Under temaet Hjorten som ressurs vert det fokus på a) kva produktutvikling som er mogeleg med hjort i Norge?, b) hjort som mat: vidareforedling som handverk og c) opplevelingar knytt til hjort, ikkje berre jakt og jegerar?

Arrangementet er budsjettert til totalt kr 700.000. Hjortesenteret har som mål å få med breidda i hjorteviltiltak, frå jegeren på stubben til den offentlege forvaltar og forskaren. Dersom deltaravgifta skulle bare eit slikt seminar åleine, vil denne bli høg og hindre mange potensielle deltagarar i kjernegruppa frå å delta. Det er søkt om samla tilskot på kr 395.000 (derav kr 120.000 frå Miljødirektoratet, kr 75.000 frå

kvar av dei tre fylkeskommunane Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland, og kr 50.000 frå Rogaland fylkeskommune. Det er budsjettet med deltakaravgift på totalt kr 275.000 (100 deltakarar).

*Vurdering:*

Under hovudansvaret på regionalt nivå for forvaltinga av haustbare, ikkje truga viltartar, har fylkeskommunen innan hjorteforvaltinga ei viktig rolle med å bygge opp den faglege kompetansen på lokalnivået, både hos kommunane og jaktrettshavarane. Fylkeskommunane kan bruke viltfondsmidlar til å støtte arrangement som Hjort 2014, men kan ikkje nytte viltfondsmidlar til å dekke eigne arrangement. Hjort 2014 vil vere eit godt og samordna tiltak.

Fylkeskommunen støtta tilsvarende arrangement i fjor (Hjort 2013) med omsøkte kr 87.500, og også då vart seminaret arrangert i Bergen. Seminaret i fjor fekk tilskot også frå Miljødirektoratet (kr 120.000), Rogaland fylkeskommune (kr 75.000) og Sogn og Fjordane fylkeskommunen (kr 32.500). Det kom berre 77 deltakarar på Hjort 2013 (medrekna føredragshaldarar). Private deltakarar frå den grunneigarstyrte forvaltinga var fåtalige. Forklaringa ligg nok både i deltakarkostnader og at arrangementet gjekk på arbeidsdagar. Det er lettare å nå dei private rettshavarane gjennom lokale kveldsmøter i den enkelte kommune, og slike møter er det mange av. Men det er også behov for eit meir regionalt/nasjonalt seminar som Hjort 2014, sjølv om deltakartalet ikkje vert på meir enn 100. Foredrag frå seminaret vil vere nyttige og vil vere tilgjengelege for nedlasting for alle. Konklusjon: Det vert rådd til å gje tilskot på kr 75.000 som omsøkt.

**(2) Norsk Hjortesenter: Nettbaseret hjorteforvaltingsverktøy**

Målsetjinga er å lage eit nettbaseret hjorteforvaltingsverktøy, ei slags 'digital handbok' i praktisk hjorteviltforvalting for kommunal og privat forvalting. Handboka er tenkt å bli ein modul på 'Hjorteviltportalen' (hjortevilt.no), og skal utarbeidast av fagpersonar ved Norsk Hjortesenter i tett samarbeid med referansegruppe/fagpanel av forskarar som jobbar tett opp mot forvaltinga. Undersøkingar og erfaringar tilseier at kommunane får mindre tid til fagleg arbeid knytt til viltforvaltning og må nytte meir tid til sakshandsaming. Samstundes utfører rettshavarane stadig meir av den praktiske delen av hjorteviltforvaltinga. Det er difor eit aukande behov for faglege retningslinjer og konkrete døme for å kunne utøve praktisk hjorteforvalting hjå kommunar og rettshavarar. Eit nettbaseret hjorteforvaltingsverktøy vil vere relativt lett å oppdatere. Prosjektet er treårig (2013-2015). Det er søkt om tilskot frå dei 8 største hjortefylka og Miljødirektoratet. Hordaland fylkeskommune støtta prosjektet i 2013 med kr 55.000, då prosjektet i alt fekk tilskot på kr 137.000.

*Vurdering*

Ifølgje formålsparagrafen (§ 1) i 'Forskrift om forvaltning av hjortevilt' skal det leggjast til rette for ei lokal hjorteforvalting. Det finst meir data, kunnskap og kompetanse tilgjengeleg for den praktiske hjorteviltforvaltinga enn nokon gong før. Gjennom ei nettbaseret handbok kan gode døme og retningslinjer i bruk av t.d. hjorteviltstatistikk og løysingar på relevante praktiske problemstillingar vere ei nyttig tilrettelegging for den private og kommunale hjorteviltforvaltinga. Konklusjon: Det vert rådd til å gje tilskot på kr 50.000 som omsøkt.

**(3) Sogn og Fjordane Skogeigarlag/Vestskog: Forvaltning av hjortebestand 2014 (2013-2017)**

Den felles utmarksavdelinga til Sogn og Fjordane Skogeigarlag/Vestskog har utarbeidd ei prosjektbeskriving der hovudmålet er å etablere bestandsforvaltning av hjort i dei fire Vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det er sett behov for ei prosjektsatsing for å løfte forvalningsarbeidet i retning dei nasjonale visjonar, strategiar og mål som er sette. Arbeidet skal skje gjennom realisering av følgjande delmål:

1. Prosess for å definere bestandsområde for hjort
2. Etablere felles forvaltning innan kvart av bestandsområda
3. Etablere rutinar for analyse og vurdering av bestandsforhold for kvart bestandsområda

Prosjektet vert organisert med Sogn og Fjordane Skogeigarlag som prosjekteigar og med prosjektleiar, samt ei rådgjevingsgruppe i kvart av dei fire fylka/delområda. Rådgjevingsgruppene vil fungere som samhandlingsgrupper for aktørane i hjorteforvaltinga, og vil bestå av prosjektleiar, representant frå fylkeskommunen og 1-3 representantar frå kommunane i delområdet, samt representantar for aktørane på fagområde. Prosjektet ønskjer ikkje å legge føringar for korleis rådgjevingsgruppene sin funksjon skal vere, noko som vil variere frå område til område ut frå behov.

Prosjektet er tenkt finansiert med tilskot frå kommunar, fylkeskommunar og Miljødirektoratet. Kommunane (i alt 122 stk) vert sentrale i gjennomføringa. Kvar kommune søker aktiv deltaking i prosjektet. Prosjektet har ei årleg kostnadsramme på kr 3,9 millionar, der kvar kommune bidreg med kr 20.000 (eks. mva., i alt kr 2,44 millionar) og fylkeskommunane og Miljødirektoratet med resterande kr 1,46 millionar kvart år, fordelt på kr 200.000 frå kvart fylke samt kr 660.000 frå Miljødirektoratet. I prosjektbeskrivinga frå 2013 er det nemnt at det er naturleg for Hordaland med oppstart av prosjektet 1.1.2014, sidan prosjektet sin første del - inndeling i bestandsområde - vart forventa gjort i Hordahjortprosjektet som vart avslutta i 2013. Budsjettet er basert på 100% oppslutning og beskriv maksimalt omfang av prosjektet. Det er budsjettert med timeverk tilsvarande ei 80% stilling per år i kvart av dei fire delområda.

#### *Vurdering*

Prosjektet dreiar seg om organisering av hjorteforvaltinga. Prosjektet har som mål å få etablert bestandsforvalting av hjort. Bestandsforvalting og bruk av bestandsplan skal vere hovudregelen ved forvalting av hjort og elg. I forskrift om forvaltning av hjortevilt (2012) kom bestandsplanområde inn som ei eiga forvaltingseining, definert som to eller fleire vald i eit forpliktande samarbeid, som har felles målsetjingar og bestandsplan for hjorteviltarten/-artane det vert jakta på i området. Å få etablert slike bestandsplanområde peikar seg ut som den naturlege hovudsatsinga i hjorteforvaltinga i Hordaland no og dei nærmaste åra framover, og er også den naturlege oppfølginga etter Hordahjortprosjektet (2009-2013) som var den førre hovudsatsinga til kommunane og fylkeskommunen. Hordahjortprosjektet bidrog til betre kunnskapsgrunnlag om hjorten sin arealbruk gjennom året, og kom med forslag til bestandsområde. Forslaget viser at Hordaland kan bli dekka av i alt ca 20 bestandsplanområde. Etter forskrift om forvaltning av hjortevilt (§ 17) skal kommunane stimulere til og legge til rette for samarbeid mellom jaktrettshavarane, og der samarbeidet føregår over kommunegrenser og/eller fylkesgrenser, skal kommunane bidra til regional, bestandsretta forvalting ved godkjenning av vald, bestandsplanområder og ved andre former for samarbeid.

Prosjektet vil i hovudsak gå ut på å motivere jaktrettshavarane (grunneigarane) til å ta større forvaltingsansvar ved å etablere store nok bestandsplanområder med naturgitte avgrensingar. Som døme kan vi ta kommunane Osterøy og Tysnes, der det i dag er høvesvis 44 og 52 hjortevald, mens Hordahjortprosjektet har føreslått at det berre skal vere eitt bestandsplanområde på kvar av dei to øyane. Det vil vere ulike meininger om kor store ressursar som trengs i dette organiseringssarbeidet og korleis arbeidet best kan leggjast opp. Prosjektbeskrivinga har mest form som ei prosjektskisse, utan at kommunar og fylkeskommune vart tekne med på råd om utforminga av prosjektet i Hordaland. Det er ein del erfaring i Hordaland frå det tidlegare organiseringssprosjektet 'Målrettet hjorteforvaltning i Rogaland og Hordaland' (2004-2007) i regi av Vestskog, eit prosjekt med hovudinnsats på etablering av større utmarksdrag/hjortevald. Og det er stor forskjell på kor langt kommunane i fylket har kome i arbeidet med valdorganisering. Ut frå dialogmøte med kommunale viltforvaltarar i fylket i februar i år, synest dei generelt å vere positive til prosjektet, men fleire mindre hjortekommunar har knapt med viltfondsmidlar som gjer at dei har vanskar med å støtte prosjektet. Det ligg ikkje føre konkurrerande organiseringssprosjekt. Fleire av dei største hjortekommunane har alt vedteke å vere med på prosjektet (Kvinnherad, Fusa, Voss, ...). Vurderinga er at fylkeskommunen bør støtte prosjektet og sjá utviklinga an. Det vil vere viktig for prosjektet å ha god politisk oppslutning i kommunane og fylkeskommunen.

Som vist ovanfor er det også søkt Miljødirektoratet om tilskot til prosjektet. Miljødirektoratet har i brevet med overføring av tilskotsmidlar til fylkeskommunane for 2014 lagt inn ein øyremerka auke på kr 100.000 til Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal og kr 50.000 til Rogaland til prosjektet, til saman kr 350.000 til prosjektet i 2014. I brevet er det forventa at desse midlane kjem i tillegg det som dei respektive fylkeskommunar elles legg inn av ressursar i prosjektet. Dette viser at Miljødirektoratet har prioritert

prosjektet høgt. Konklusjon: Organisering av hjorteforvaltinga i Hordaland bør ha høg prioritet dei nærmaste åra. Prosjektet vert tilrådd som høgast prioritert med kr 300.000, derav kr 100.000 frå øyremerka tilleggsløyving frå Miljødirektoratet.

#### **(4) Ettersøksringen for Os, Samnanger og Bergen: Ettersøk av skada hjortevilt**

Ettersøksringen har søkt om tilskot for å arrangere eit fire dagars vidaregåande ettersøkskurs/fagsamling i regi av Skogbruks Kursinstitutt for auka kompetanse om ettersøk av skada hjortevilt. Målgruppe for kurset er personar/hundar frå heile fylket med praktisk erfaring i ettersøk av skada hjortevilt. Dette er deltakarar som framover vil utgjere kjernen av dei mest kompetente ekvipasjane i regionen. Kurset omhandlar både handtering av trafikkpåkjørslar (fallvilt) og jaktettersøk.

Hjort og hjortejakt er ein vesentleg del av viltforvaltinga i Hordaland. For at forvaltinga og jaktutøvinga skal vere berekraftig som næring og friluftsoppleveling er det viktig med ei profesjonell handtering av skadde dyr både for grunneigarane, jegerane og samfunnet. Omsøkte kurs er for viderekomne på nivå etter NJFF's fase III kurs.

Kursavgifta til Skogbruks Kursinstitutt er på kr 65.000 for inntil 20 deltakarar + kr 250 per deltar. I tillegg kjem utgifter til leige av kurslokale m.m. Budsjett vedlagt søknaden viser at det i tillegg til fylkeskommunen er søkt tilskot frå kommunane Os, Samnanger, Bergen, Kvinnherad, Stord og Fitjar, og frå det Interkommunale Hjorteviltutvalet.

#### **Vurdering**

Det er første gong fylkeskommunen får søknad om tilskot til denne type tiltak. Det kan ha samanheng med endringa i 2011 frå forskrift om kommunale viltfond til forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond, der det er vidareført at fondet kan brukast til 'å dekke kommunenes utgifter til ettersøk og håndtering av skadd vilt og fallvilt i kommunene'. I retningslinjer for tilskotsordninga er det likevel føresett at søker om tilskot til tiltak som har reint kommunal karakter blir viste til dei kommunale viltfonda som er finansiert med fellingsavgifter, og eventuelt eigne kommunale midlar. I 2013 drog kommunane i Hordaland inn til saman ca kr 2,5 millionar til dei kommunale viltfonda berre frå fellingsavgifter. Til samanlikning er løyvinga til fylkeskommunen i år på berre kr 400.000, (om ein ser bort frå den øyremerka ekstraløyvinga på kr 100.000). Fleire av dei største hjortekommunane har nesten like store inntekter til det kommunale viltfondet som løyvinga til fylkeskommunen.

Alle jaktag og personar som jaktar åleine skal ha tilgang til godkjent ettersøkshund når dei jaktar på elg, hjort og rådyr. Dersom skadeskote vilt oppheld seg innanfor eige vald, så pliktar jeger eller jaktag å drive ettersøk den same dagen som skadeskytinga fann stad, og ut neste dag. Dersom dyret ikkje er funne andre dag, overtek kommunen ansvaret for ettersøket. Dersom skadeskote vilt oppheld seg utanfor eige vald, har kommunen ansvaret for ettersøket også andre dag av søket. Kommunen avgjer når eit ettersøk skal avsluttast. Ved påkjørsel av hjortedyr er bilførar pliktig til å varsle politiet på tlf. 02800. Politivakta har liste over godkjente ettersøksjegerar som kommunane har knytt til seg, og som rykkjer ut ved påkjørslar av elg, hjort og rådyr dersom det er nødvendig å avlive dyr, eller behov for ettersøk.

Ettersøksjeger og hund skal ha bestått praktisk prøve etter instruks om prøving og godkjenning av ettersøkshund fastsett av Miljødirektoratet. Prøven kan arrangerast av Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) og Norsk Kennel Klub (NKK), men også andre organisasjonar kan godkjennast av Miljødirektoratet. Lokale klubbar/foreiningar tilslutta NJFF og NKK er automatisk godkjent som arrangør for dei to prøvedelane. NJFF's instruktøroplæring vil dekke behovet for kursing av lokale arrangørar, kursing av lokale instruktørar og brukarar/dressørar av ettersøkshund og utdanning av kompetente førarar av ettersøkshund. Prøvearrangementa skal vere terminfesta og vere opne for ein kvar. Det er oppretta ein samarbeidsavtale mellom Miljødirektoratet, NJFF og NKK kor dei to organisasjonane har påteke seg ansvaret for å gjennomføre ordninga etter nærmare retningslinjer: NJFF's fylkesinstruktørar bør kvart år arrangere kurs for lokale arrangørar. Slik kompetanse skal etablerast og vedlikehaldast i eit omfang slik at tilfredsstillande landsdekning vert opprettholdt. Utdanning av kompetente hundeførarar omfattar eit vidaregåande kurs i form av eit helgekurs på fylkesnivå med eigne instruktørar etter opplegg godkjent av

Miljødirektoratet. Målet med kurset er å utdanne høgt kvalifiserte førarar av ettersøkshundar, det vil seie profesjonelle ettersøkjarar. Desse vil bli gitt ei grundig innføring i faget ettersøksjakt og gjeldande regelverk. Kurset er obligatorisk for alle som mot betaling påtek seg ettersøk eller som stiller seg til rådvelde for offentleg myndigkeit. Personar som har gjennomført dette kurset bør på sikt utgjere kjernen i eit lokalt instruktørkorps. Kurs arrangert av Norsk Schweisshund Klubb (NKK) etter opplegg godkjent av Miljødirektoratet gir same kvalifikasjon som kurs arrangert av NJFF.

Ei spørjeundersøking om kommunal viltforvalting utført våren 2007 (NINA-rapport 383) viste at utgifter til ettersøk (etter påskote og påkjørt hjort, elg og rådyr) utgjorde den største utgiftsposten på dei kommunale viltfonda (33 %). For ettersøk som er eit kommunalt ansvar, bør kommunane sjølv ha midlar til å dekke kostnadene med dette. Ettersøkspersonell sine kursutgifter vil ein i utgangspunktet forvente vert dekkja inn gjennom ettersøksavtalar med kommunar og vald, og arbeid utført for desse. Spesielt vil ettersøk etter påkjørt hjortevilt strengt tatt ikkje vere eit viltforvaltingstiltak, i motsetning til tiltak for å unngå påkjørsle. I den nasjonale hjorteviltstrategien (DN-rapport 8-2009) er det under hovudgrepet 'Den gode samfunnssdialogen' ei hovudsatsing (fyrtårn) å få ferre viltpåkjørslar, og ei anna hovudsatsing er å styrke samfunnsaksepten og auke rekrutteringa. Fylkeskommunen er bedt om å bidra til å følgje opp strategien, og kan slik sett sjå på det omsøkte tiltaket som eit bra tiltak for auka samfunnsaksept for jakt. Utan å skape presedens for tilskot til slike tiltak, kan eit tilskot no vise at fylkeskommunen set pris på tiltaket. Konklusjon: Det vert rådd til å gje tilskot på kr 15.000.

#### **(5) NJFF-Hordaland: Fagdag ettersøk av skada hjortevilt**

Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland ønskjer å arrangere ein fagdag for ettersøksjegerar, ettersøksringar, ettersøksdommarar, ettersøksinstruktørar og andre som er interesserte i ettersøk. Formålet med fagdagen er å samle flest mogeleg engasjerte innan ettersøk av skada hjortevilt, for å legge til rette for diskusjonar rundt relevante tema og problemstillingar.

Kostnadsoverslaget for arrangementet er på kr 90.000. Det er søkt om tilskot frå fylkeskommune på kr 45.000, og resten dekkja gjennom dugnadsinnsats (kr 20.000), eigne midlar (kr 20.000) og anna finansiering (kr 5.000). Dei største budsjetteterte utgifter er leige av konferanselokale (kr 20.000), eiga løn (kr 25.000) og leigd løn (kr 20.000). I søknaden er det opplyst om at tiltaket ikkje kan gjennomførast for mindre tilskot enn omsøkt.

#### **Vurdering**

I søknaden er beskrivinga av tiltaket på ca tre linjer. Formålet med møtet er lite konkret og det er ikkje opplyst om kva som er tenkt å formidlast frå møtet. Kommunane, som har mykje ansvar for ettersøk, er ikkje nemnt i målgruppa for møtet. Etter vår vurdering bør mange av problemstillingane og utfordringane vere kjent, og møtet bør vere meir målretta. Det er vanskeleg å sjå at tiltaket fell inn under nokon av dei opplista tiltaka som kan støttast under tilskotsordninga. Konklusjon: Det vert rådd til å ikkje gje tilskot.

#### **Lokale vilttiltak**

#### **(6) NJFF-Hordaland: Infoblad jakt og fiske - Infoside internett**

NJFF-Hordaland har dei siste 15 åra gitt ut eit informasjonsblad om jakt og fiske to gonger årleg. Bladet har eit opplag på 6500, og vert sendt gratis pr. post til alle kommunar i fylket, til offentleg miljø- og landbruksforvaltning, alle aviser, lokalradio, media elles i fylket, til lokallag av NJFF, til andre jeger- og fiskarlag i fylket, til sportsbutikkar i fylket, til alle medlemmer av NJFF i fylket, samt til medlemmer i fiskekubben for barn i fylket m.fl. I bladet når ein ut til dei fleste jakt- og fiskeinteresserte i Hordaland med viktig informasjon om t.d. lover og forskrifter for jakt og fiske, om kurs, informasjon om aktuelle saker som vedkjem jakt- og fiskeinteresserte, om informasjon om arrangement for barn og mykje meir. Det er gratis for t.d. offentleg forvalting, kommunar osv. å bruke bladet til å spreie informasjon, og dette har skjedd jamleg. Bladet går i 2014 inn i sitt sekstande år. Då bladet vert sendt ut til så mange adressatar (ca 6000) to gonger årleg, og då bladet er på 16 sider, har NJFF-Hordaland store trykke- og portoutgifter knytt til utgjevinga. Det er ønskeleg å gje ut to nummer også i 2014, i juni og desember.

Sidan hausten 1998 har NJFF-Hordaland hatt ei informasjonsside på internett om jakt, fiske, friluftsliv, forvalting, miljø etc. Adressa til sida er [www.njff.no/hordaland](http://www.njff.no/hordaland). Sida vert oppdatert jamleg og inneholder mykje aktuell informasjon, blant anna frå offentleg forvalting. Fylkessekretæren brukar ca 200 timer pr. år på oppdatering av sida. I tillegg brukar fylkeslaget ca kr 5000 pr år til kjøp av programvare og datautstyr.

#### *Vurdering*

Totalkostnaden med tiltaka er ført opp med kr 100.000, der løn utgjer kr 55.000. Trykking av blad og porto utgjer kr 30.000. Det har vore tilsvarende søknad dei siste åra, og tiltaka har vore støtta med viltilskot frå fylkeskommunen og fiskemidlar frå fylkesmannen. Etter samordna søknadshandsaming i år (fiskemidlar frå fylkesmannen, og friluftsmidlar og vilmidlar frå fylkeskommunen) er det føreslått å støtte tiltaket som omsøkt med kr 10.000 frå fylkesmannen og kr 30.000 frå fylkeskommunen sine vilmidlar. Konklusjon: Det vert føreslått å gje tilskot på kr 30.000.

#### **(7) NJFF-Hordaland: Dagsseminar om små rovvilt**

NJFF-Hordaland arrangerte i 2012 og 2013 dagsseminar om små rovvilt, med hovudfokus på rev. På seminar i 2013 deltok hovedsakleg sauebønder/grunneigarar og jegerar. Målet med dagsseminaret i 2014 vil vere å vidareformidle kunnskapen frå erfaringar gjort av revejegerar og sauebønder i Lindås i 2012 og 2013 til sauebønder i andre delar av Hordaland. Dagsseminaret vil arrangerast i samarbeid med Lindås og Meland Sau og Geitalslag.

#### *Vurdering*

Fylkeskommunen støtta også dagsseminara om små rovvilt i 2012 og 2013. Budsjettet i år viser mellom anna kr 20.000 i utgifter til konferanselokale, og dessutan løns- og transportkostnader. Det kan diskuterast om det er eit tiltak for å nå mål i viltforvaltinga, men i følgje rundskriv T-1/13 kan tiltaket plasserast inn under tiltaket 'tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og jaktmoglegheiter'. Konklusjon: Det vert rådd til å gje tilskot på kr 20.000 som omsøkt.

#### **(8) NJFF-Hordaland: Kvinneaktivitetar i 2014**

NJFF-Hordaland har i fleire år drive aktivt for å få fleire kvinner interessert i jakt, fiske og friluftsliv i Hordaland. Sidan midten av 1990 åra har det vore eigen kvinnekontakt i fylkesstyret, og det er også eit eige kvinneutval, der kvinnekontakten er leiar. Arbeidet for å få opp kvinneaktivitetane har vore høgt prioritert frå styret i NJFF-Hordaland dei siste åra, og det har gitt resultat i form av fleire kvinnelege jegerar og fiskarar. I dag er rundt ein tredel av jegerprøvekandidatane i bynære strøk i Hordaland kvinner. Kvinnekontakten i NJFF-Hordaland gjennomførte i 2013 fleire helgesamlingar for kvinnelege jegerar og fiskarar og hadde helger med småviltjakt med overnatting, mat og instruksjon, helg med elvefiske, med laksefiske, alle med overnatting, mat og instruksjon. Alle samlingane har vore kun for kvinner, og det er planlagt minst like mange samlingar i år. Arrangementa er opne for alle også ikkje-medlemmer. Informasjon om arrangementa skjer via annonser i avisene, heimesidene på internett, fylkesblad, via e-post m.m. Medlemsstatistikken i NJFF-Hordaland ved utgangen av 2013 viste 655 kvinner som medlemmer. Av samla kostnader med tiltaket på kr 30.000 er det ført opp kr 15.000 til jakt- og fiskekort og kr 10.000 til transport.

#### *Vurdering*

Søknaden om totalt kr 15.000 i tilskot er sendt til tre adressatar; fylkesmannen (fiskemidlar) og fylkeskommunen (vilt- og friluftsmidlar). Etter samordna søknadshandsaming med fylkesmannen vil tiltaket vere støtta som omsøkt om fylkeskommunen bidreg med kr 5.000 frå viltfondsmidlar. Konklusjon: Det vert rådd til å gje tilskot på kr 5.000.

#### **(9) Sogn og Fjordane Skogeigarlag: Småviltforvalting i Hordaland**

Ifølgje søknaden er det eit fyrtårnprosjekt for å få til ei god småviltforvalting i Hordaland. I søknaden er det vist til forprosjektet "Kartlegging av småviltjakt og forvaltning", og at forprosjektet viste at det var liten kunnskap om forvaltingstiltak hos grunneigarar/rettshavarar, men at det er vilje for å få til ei god forvalting. I

prosjektet ønskjer ein å snakke/arbeide med grunneigarar og/eller fjellstyre for at dei kan få til ei god og målretta forvalting. Det vil takast utgangspunkt i områder der det er rype og store grunneigarar/statsallmenning. Ved kysten vil ein jobbe for at forvaltningsplanar for grågås vert utarbeidd. Kostnadene i prosjektet er på totalt kr 50.000, derav kr 40.000 til løn og kr 10.000 i transport (kjøring). Det er søkt fylkeskommunen om tilskot på kr 50.000, tilsvarende full dekning av kostnadene.

#### *Vurdering*

Miljødirektoratet har i brevet med overføring av tilskotsmidlar til fylkeskommunane minna om at forvaltningsansvaret for grågås og kortnebbgås framleis ligg hos fylkesmannen. Grågåsplanar har difor mindre interesse i prosjektet, mens rypeforvalting er meir interessant. Søknaden er elles knapp og lite konkret. I søknaden er det opplyst om at tiltaket ikkje kan gjennomførast for mindre beløp enn omsøkt. Konklusjon: Det vert føreslått å ikkje gje tilskot.

#### **(10) Raymond Skaar: Uttak av mink i fuglefredningsområder**

I alt 6 sjøfuglreservat i Hordaland (Os, Tysnes, Fusa, Kvinneherad) er planlagt besøkt for å spore territoriell mink. Målsettinga er å sørge for at dei aktuelle sjøfuglreservata er midlertidig minkfrie i forkant av hekkesesongen 2014. Tiltaket er i samsvar med Forvaltningsplan for sjøfuglreservat i Hordaland (under utarbeiding). Tiltaket er også i samsvar med Handlingsplan mot mink i Norge.

Tiltaket er ei oppfølging av påbyrja tiltak i dei same verneområda i 2013. Det er tidlegare ikkje søkt om tilskot frå viltfondsmidlar. Søknaden er avgrensa til å dekke reiseutgifter i samband med prosjektet, arbeidsinnsatsen vert utført ved dugnad. Sluttrapport vil omfatte data om alle mink som blir tatt ut. Fylkesmannen vil bli halde orientert om framdrifta i prosjektet og prosjektet vil følgje evt instruks derifrå.

#### *Vurdering*

Det er søkt både fylkesmannen og fylkeskommunen om tilskot. I samordna søknadshandsaming med fylkesmannen er det avklart at evt tilskot vert gitt av fylkeskommunen. Mink er ein svartelista (introdusert) art som er uønskt i Norsk natur. Uttak av mink på fuglefredningsøyar er eit tiltak som kan betre situasjonen for sjøfuglane. Konklusjon: Det vert rådd til å gje tilskot på kr 25.000 som omsøkt.

#### **(11) CEES, Biologisk institutt, Oslo: Urbane måker**

Det er eit samarbeidsprosjekt med Norsk Ornitologisk Foreining Hordaland (NOF-Hordaland) som tek sikte på å undersøke bestandsforhold til måsar ein finn i urbane miljø. I aukande grad vert byar og tettstader tekne i bruk som hekkeområde og overvintringsområde for måsar. Kunnskap om desse populasjonane er avgjерande for å kunne drive meiningsfull forvalting. Spesielt gjeld dette for fiskemåsen som i 2010 kom på den nasjonale raudlista i kategorien nær trua, og for hettemåsane der tilbakegangen til bestanden nasjonalt er på omkring 76%.

Det er søkt om støtte til innkjøp av fargeringar og diverse anna utstyr, særleg lysloggarar for å kartlegge trekk-/reiseruter, samt DNA-analysar og utvikling av nettside. Det er søkt om kr 25 000 i tilskot frå fylkeskommunen og like mykje frå fylkesmannen. Tiltaket omfattar både jaktbare (gråmåke, svartbak) og ikkje-jaktbare (hettemåke, fiskemåke, sildemåke) artar.

#### *Vurdering*

Prosjektet søkte om tilskot frå fylkeskommunen både i 2012 og 2013 utan å få tilskot. Prosjektet bidreg til auka kunnskapsgrunnlag i viltforvaltinga også for jaktbare artar. Det er gjort samordna søknadshandsaming med fylkesmannen. Konklusjon: det vert rådd til at fylkeskommunen gir tilskot på kr 25.000 som omsøkt.

#### **(12) Høgskolen i Hedmark: Overvaking av skogshønsreir 2014**

Høgskolen søker om tilskot til feltarbeid og kjøp av utstyr i reirovervakingsprosjektet for 2014. Prosjektet (2009-2016) er eit samarbeid mellom Høgskolen i Hedmark og Høgskolen i NordTrøndelag. Det er bygd opp eit nettverk (skogbruksnæringa m.m.), som frå 2009 til no har gitt melding om 359 skogshønsreir. Det

er sett opp viltkamera som har gitt foto av 63 eggrøvarar. Måten å finne reir på gjennom innmeldingar har verka godt på storfugl og orrfugl, men det vart i fjar innrapportert for få lirypereir til å vite kva som er dei viktigaste rypereirrøvarane. I 2014 ønskjer ein å fortsetje feltarbeidet i skogen, og større innsats for å finne lirypereir. Det langsiktige målet er å få betre forståing for variasjon i predasjon på reira til ulike skogshønsartar i rom og tid, korleis ulike parametrar påverkar predasjonsraten frå ulike predatorgrupper og korleis predasjon påverkar bestandsdynamikken til skogshøns. Det er lagt ved ein artikkel til bladet 'Jakt & Fiske' (nr 5, mai 2014) som skildrar det ein arbeider med på populært vis. Den første vitskaplege artikkelen er under revisjon i Wildlife Biology.

Feltarbeidet fram til og med 2011 vart finansiert av Gotaasfondet administrert av Oslo Jeger og Fiskerforening. I 2012 og 2013 vart arbeidet gjennomført ved hjelp av økonomisk stønad frå Viltfondet sentralt, Hedmark fylkeskommune, Høgskolen i Hedmark og Høgskolen i Nord-Trøndelag. I feltarbeidet i 2014 vil ein blant anna radiomerke lirypehøner i område i Østerdalen og Nord-Trøndelag for å finne reira deira. Kostnadsoverslaget for omsøkte tiltak i 2014 er på kr 250.000, derav lønskostnader (leigd) på kr 40.000. Det er søkt om tilskot på til saman kr 200.000 frå Miljødirektoratet, fylkesmannen i Hedmark og 14 fylkeskommunar.

#### Vurdering

Prosjektet er ikkje eit tiltak i Hordaland, men det har stor overføringsverdi. Prosjektet gir auka kunnskapsgrunnlag for forvaltinga av mange haustbare viltartar. Konklusjon: Det vert føreslått å gje tilskot på kr 10.000.

#### **(13) Norsk Institutt for Naturforskning (NINA): Hønsefuglportalen (WP 2)**

Ein føresetnad for å kunne gjennomføre ei moderne, kunnskapsbasert småviltforvaltning er at bestandsstatus før jakt er kjent, slik at ein på grunnlag av dette kan gjøre nødvendige forvaltingsgrep. I etterkant av Rypeforvaltningsprosjektet 2006-2011 vart det diskutert korleis ein best kunne videreføre og ivareta takseringsdata for ryper og skogsugl. Spesielt har det frå rettshavarane si side vore ønskje om å få etablert ein overordna nasjonal database eller portal kor denne type data vert lagra slik at datakvaliteten vert sikra. Ein slik portal bør integrere grunneigarane og jegerane sine ønskje og behov for oppdatert bestandsstatus med behova innanfor forsking og overordna langsiktig forvaltning. For ei beskriving av korleis portalen er tenkt strukturert er det vist til NINA minirapport 423: *Hønsefuglportalen – en nasjonal portal for ryper og skogsugl*.

NINA, som er eit nasjonalt kompetansesenter innan naturforskning, utvikla og testa i 2013 Hønsefuglportalen. Det er no søkt om tilskot til å gjennomføre arbeidspakke (WP 2): *Vidareutvikling og justering av portalen samt invitasjon til andre områder*, som skildra i NINA minirapport 423. NINA vil også invitere øvrige rettshavarar om å knyte seg til tenesta, og legge til rette for at alle områder vert knytt til ein regionansvarleg deltakar. NINA vil etterstrebe ei fordeling av takseringsområder mellom ulike aktørar frå grunneigarsida, høgskole- og universitetssektoren og instituttsektoren, som fungerer på ein god måte for alle partar. Integrert i arbeidspakken (WP2) ligg utvikling av rutinar for å sikre at takseringslinjer har god representativitet på lokalt nivå innafor dei enkelte takseringsområder.

Kostnadsoverslaget for den omsøkte arbeidspakken (WP 2) er på kr 770.000. Det er søkt tilskot frå Miljødirektoratet, Statsskog, Finnmarkseiendommen, Andre rettshavarar (hovudsakleg fjellstyrta) og 14 fylkeskommunar. Samla omsøkt tilskot frå fylkeskommunane er på kr 100.000, og det er søkt om kr 50.000 frå den enkelte fylkeskommune, som i tilfelle betyr tilskot frå berre to fylkeskommunar.

#### Vurdering

Hønsefuglportalen vil vere eit nyttig forvaltingsverktøy i ei kunnskapsbasert og berekraftig viltforvalting som føresett. Hønsefuglportalen vil vere spesielt interessant for Hordaland dersom det vert lagt inn takseringsdata frå fylket. Ut frå søknaden er det usikkert om prosjektet vil prioritere arbeid i Hordaland i 2014, eller om prosjektet ønskjer å prioritere arbeid i andre fylke. Konklusjon: Fylkesrådmanen får fullmakt til å løye inntil kr 50.000 til prosjektet i 2014, føresett at Hordaland vert eit av fylka som vert med i arbeidet.

**(14) Norsk Viltsykehus: Norsk Viltsykehus**

Etter oppstart som privatpraktiserande veterinær i 2012, og etter kvart med mottak og behandling også av ein del skada vilt, etablerte same veterinær Norsk Viltsykehus i 2013, med formål å diagnostisere, behandle og rehabilitera skada og sjukt vilt, før desse blir sett ut att i naturen. Viltsjukehuset er lokalisert i Hauge i Dalane i Rogaland. Søknaden gjeld tilskot til kjøp av diverse medisinsk utstyr som røntgenutstyr og operasjonsutstyr og til løn, til ein budsjettet kostnad på totalt kr 350.000. Det er søkt om tilskot frå Miljødirektoratet og frå Fylkesmannen og fylkeskommunane i fylka Vest-Agder, Rogaland og Hordaland. Ifølgje søknaden finst det per i dag ingen offisiell plass i Norge som tek imot og behandler skada vilt på eit profesjonelt nivå. Nokre privatpraktiserande veterinærar prøver å behandle skada vilt etter beste evne, men hovudsakleg går dette ut på å gje nødhjelp. I dei tilfella der behandlinga er vellukka, manglar det ofte ein eigna stad og personell for rehabilitering, før dyret kan setjast tilbake i naturen.

**Vurdering**

Tiltaket vert vurdert å ligge utanfor formål som kan støttast av tilskotsordninga. Det er heller ikkje eit tiltak i Hordaland. Konklusjon: Det vert rádd til å ikkje støtte tiltaket.

**8. Oppsummering av tilrådingar**

Tilrådde tilskot framgår av tabellen i vedtaket og tabell 1 i saksutgreiinga. Av disponible midlar på ca kr 650.000 er det føreslått å gje tilskot på til saman kr 605.000. Tilskot til prosjektet *Forvaltning av hjortebestand 2014* (søknad nr 3) med kr 300.000 er prioritert høgast. Der inngår det eit øyremarka tilskot frå Miljødirektoratet på kr 100.000. For prosjektet *Hønsefuglportalen* (søknad nr 13), er det tilrådd at fylkesrådmannen får fullmakt til å fastsetje storleiken på eventuelt tilskot inntil kr 50.000, dersom prosjektet prioriterer arbeid i Hordaland.